

Eksamen

04.06.2020

HEA2003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

Programområde: Helsearbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	I dette oppgåvesettet blir det lagt vekt på helsefagarbeidaren sine kunnskapar, ferdigheiter og haldningar innanfor dei utvalte kompetansemåla i yrkesutøving. Alle kompetansemåla i oppgåva skal inngå i svaret.
Andre opplysningar	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte kva profesjonell yrkesutøving inneber for helsefagarbeidaren.• Forklare kva brukarmedverking inneber, og vise til relevant regelverk.• Forklare kva yrkesetikk er, og drøfte yrkesetiske problemstillingar.• Beskrive helsefagarbeidaren si rolle i arbeidet med å ta vare på fysisk og psykisk helse.

Oppgåve

Du er helsefagarbeidar og jobbar i heimetenesta. Du og kollegaane dine har mange pasientar å hjelpe, og det blir ofte travle dagar. Du er hos Grete Berg som hadde hjerneslag ei tid tilbake. Ho har vedtak om hjelp til personleg hygiene i ca. 30 minutt kvar morgon, og som ein kvalitetsnorm er kommunen nøye med at vedtaka blir følgde. Som ein del av rehabiliteringa skal Grete lage frukosten sin sjølv.

Under morgonstellet er Grete stille, men seier så at ho er mykje redd. Ho spør om du kan lage frukost til ho, og sitte saman med ho mens ho et.

Du kom litt seint til Grete i dag på grunn av veret, og har enda tre pasientar igjen før lunsj. Du blir usikker på kva du skal svare Grete.

- a) Forklar omgrepet etikk, og kva for nokre teoriar og prinsipp vi kan bruke i etisk refleksjon.
- b) Drøft kva for nokre yrkesetiske problemstillingar du står overfor hos Grete denne morgonen.
- c) Ta utgangspunkt i oppgåve b), og vis korleis du kjem fram til ulike løysingar på dei etiske problemstillingane.
- d) Drøft korleis du kan ta vare på profesjonaliteten din som yrkesutøvar i møte med Grete og dei andre pasientane du skal innom denne dagen.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	I dette oppgavesettet blir helsefagarbeiderens kunnskaper, ferdigheter og holdninger innenfor de utvalgte kompetansemålene i yrkesutøving vektlagt. Alle kompetansemålene i oppgaven skal inngå i besvarelsen.
Andre opplysninger	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer for helsefagarbeideren.• Forklare hva brukermedvirkning innebærer, og vise til relevant regelverk.• Forklare hva yrkesetikk er, og drøfte yrkesetiske problemstillinger.• Beskrive helsefagarbeiderens rolle i arbeidet med å ivareta fysisk og psykisk helse.

Oppgave

Du er helsefagarbeider og jobber i hjemmetjenesten. Du og dine kollegaer har mange pasienter å hjelpe, og det blir ofte travle dager. Du er hos Grete Berg som hadde hjerneslag for en tid tilbake. Hun har vedtak om hjelp til personlig hygiene i ca. 30 minutter hver morgen, og som en kvalitetsnorm er kommunen nøye med at vedtakene følges. Som en del av rehabiliteringen skal Grete lage frokosten sin selv.

Under morgenstellet er Grete stille, men sier så at hun er mye redd. Hun spør om du kan lage frokost til henne, og sitte sammen med henne mens hun spiser.

Du kom litt sent til Grete i dag på grunn av været, og har enda tre pasienter igjen før lunsj. Du blir usikker på hva du skal svare Grete.

- a) Forklar begrepet etikk, og hvilke teorier og prinsipper vi kan bruke i etisk refleksjon.
- b) Drøft hvilke yrkesetiske problemstillinger du står overfor hos Grete denne morgenen.
- c) Ta utgangspunkt i oppgave b), og vis hvordan du kommer frem til ulike løsninger på de etiske problemstillingene.
- d) Drøft hvordan du kan ivareta din profesjonalitet som yrkesutøver i møte med Grete og de andre pasientene du skal innom denne dagen.



www.vigoiks.no/eksamen